

## Fant vraket av ubåten Nautilus

Forskere søkte tirsdag etter vraket av ubåten Nautilus i Byfjorden i Bergen og fant det på 340 meters dyp. Tirsdag formiddag ankom forskningsskipet G.O Sars etter en lengre ekspedisjon i Norskehavet ved Svalbard. Om bord var undervannsroboten Ægir 6000 som kan dykke med kamera ned til 6.000 meter, skriver Bergens Tidende.

- Ubåtvraket som ligger ved

Helleneset, er et godt testmål og representerer et spennende stykke forskningshistorie, sier prosjektleder Rolf Birger Pedersen fra Universitetet i Bergen. Nautilus ble bygget i 1917 av den amerikanske marinens. I 1931 ønsket den australske eventyren Sir Hubert Wilkins å bruke den til å nå Nordpolen. Harald Sverdrup fra Geofysisk institutt i Bergen var med som vitenskape-

lig leder.

- Det var et vanvittig prosjekt, i den forstand at de skulle reise i en blikkboks til Nordpolen, sier Harald Dag Jølle fra Norsk Polarinstitutt.

Da ubåten kom tilbake til Bergen, omtalte norsk presse toktet som totalt mislykket. Ifølge Pedersen ble ubåten senket i Byfjorden fordi det var dyrt å sende den tilbake til USA. **NTB**

### Et kamerateam følger Vendela

Kirsebom og Petter Pilgaards første sommer som kjærestepar. Resultatet blir TV-serien «Vendela + Petter». Den 16 episoders lange serien skal vises på TV 2 Livsstil til høsten, med premiere 21. august.

- Vi får utrolig mange spørsmål om hvordan livet er etter «Farmen Kjendis». Mye av det får du svar på i dokuserien, sier Pilgaard i en pressemelding fra TV 2. **NTB**

## Rekord

Luis Fonsi og Daddy Yankees superhit «Despacito» er på seks måneder blitt tidenes mest strømmede låt, med mer enn 4,6 milliarder avspillinger. Låta har dermed passert den forrige rekorden på 4,38 milliarder avspillinger på ulike plattformer som Justin Biebers «Sorry» fra 2015 hadde. **NTB**

## Nordmøringar med hjarte for handverk på Dovre

# - Gjer godt å skape noko

**Ein nordmøring er i ferd med å lage seg eigen verkstad, mens ein annan skal lære meir om materialer. I sommer møttes dei på Dovre.**

### HANDVERK

**OVE KIRKESTUEN**  
redaksjonen@tk.no

Tida og alt rundt oss eksisterte liksom ikkje. Eg kallar det handverksglede når hender og hovud smelter saman på det viset, seier Anna-Inga Haugtrø frå Smøla etter kurset i møbelsnikring på Dovre i sommar.

Saman med venninna Eirin Holm Stensønes frå Frei tok Anna-Inga turen til Hjerleid skule- og handverksenter, staden der ho nesten hamna i 2008. Men i staden for treskjering på Dovre vart det den gong grafikk ved Kunsthøyskolen i Oslo.

- I ettertid har eg hatt Hjerleid i tankane. Og sidan eg for tida ikkje lagar kunst, passa det godt med eit kurs. Å kombinere min grafiske bakgrunn med trearbete er dessutan spennande. I alle fall håper eg å kunne lage min eigen design, gjerne ved hjelp av gamle handverksteknikkar. Difor ser eg fram til at verkstaden min blir ferdig, seier Anna-Inga Haugtrø.

Ho meiner norsk skule er for lite praktisk retta og at overdriven fokus på teoretisk hjerne-trim utviklar berre halve menneske.

### Gamalt og godt

For Eirin Holm Stensønes frå Frei er interessa for handverk av relativt ny dato. Det starta med at ho skulle kjøpe seg ein benk, men då ho ikkje fann ein ho likte, tok ho saka i eigne hender.

- Eg laga ein ripoff designerbenk og spurte meg sjølv kvifor eg ikkje hadde gjort dette før. Billig vart det også. Ikkje minst



**PÅ KURS:** Godt nøgde etter kurset i møbelsnikring på Dovre i sommar. Anna-Inga Haugtrø (til venstre) frå Smøla, Eirin Holm Stensønes frå Frei og Tore Bugge Pedersen frå Stiftelsen Nordmøre Museum, avdeling Kristiansund, med det dei laga i løpet av veka i Gudbrandsdalen.

gjer det godt å skape noko og samstundes oppleve meistring, seier Stensønes, som er lærar ved Kristiansund vaksenopplæring.

Interessa for handverk vart ikkje mindre då ho kjøpte seg eit eldre hus. I samband med restaurering av vindauge oppdaga ho at gammalt handverk og eldre trevirke har betre kvalitet enn alt moderne.

- Forutan vakre detaljar og sær preg er dessutan originale vindauge ein viktig del utsjånden og karakteren til eit hus.

### Dugleik og kunnskap

Ein annan som dukka opp på Dovre, var Tore Bugge Pedersen som er formidlar ved Stiftelsen Nordmøre Museum, avdeling Kristiansund.

- Handverk er så sentralt på eit museumsverft at eg må gjere det eg kan for å lære meir om både material og verktøy. Dessutan var det på tide å få ut i



**KRAKK:** Eirin Holm Stensønes under innspurten på krakken sin.

hendene noko av det eg har i hovudet. For det er liten tvil om at teori og praksis utfyller kvarandre, seier Bugge Pedersen, som har bachelor i kunstvitskap og historie, og master i kulturminnevern.

Mannen frå Kirkenes har alltid vore oppteken av det praktiske, og difor hausta lærdom frå ulike miljø. Som til dømes kystlaga. Ikkje minst har Gunnar Eldjarn og Jon Bojer Godal hatt mykje å seie for den unge mannen.

- I møte med dei og nordlandsbåten oppdaga eg heil-



**HØVLER:** Tore Bugge Pedersen lagar spor til labank.

**Til dømes set enkelte både jord og himmel i rørsle for å kunne delta i Birken. Dersom vi greier å formidle at handverk gjer minst like godt for kropp og sjel, er mykje gjort.**

skapen i tradisjonshandverk. Utruleg fascinerande. Det utløste ein sterkt trøng til å skape i staden for å forbruke. I ei

tid der inflasjonen et opp pengane våre og dei fleste kjøper nytt i staden for å reparere, varer heldigvis kunnskap og dugleik levit ut, seier Bugge Pedersen.

Han ser teikn på stigande interesse og større respekt for handverk. Han trur også at ein kan lære av trendar i tida.

### Handverk er helsebot

- Til dømes ynskjer stadig fleire å vere aktive og oppleve noko i ferien. Mange er også svært opptekne av å bruke kroppen. Til dømes set enkelte både jord og himmel i rørsle for å kunne delta i Birken. Dersom vi greier å formidle at handverk gjer minst like godt for kropp og sjel, er mykje gjort. Det handlar om å utfordre og utvikle seg sjøl. Men mange blir nok overraska over at dei blir glade i eit arbeid som gjev vassblemmer i hendene, seier Tore Bugge Pedersen.